



## Fylkesmannen i Vestland

Elin T Holmås Fanebust  
Lindåsvegen 2088  
5955 Lindås

Vår dato:

23.05.2019

Vår ref:

2019/6389

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Sigurd Kolbjørn Berg, 5557 2372

## Byggesak - Lindås - Gbnr 99/1 Vågevegen 2088 - Oppheving av stoppordre

Me viser til klagen din av 09.01.2019 og kommunens oversending av 06.03.2019.

### Vedtak

**Fylkesmannen avviser klage av 09.01.2019 på Lindås kommune sitt vedtak av 19.12.2018 i sak 18/3222, oppheving av stoppordre av 22.10.2018, jf. forvaltningslova § 34 jf §§ 28 og 2.**

### Sakas bakgrunn

Lindås kommune ga den 22.10.2018 tiltakshavar Alf Eikevik stoppordre for gravinga av ein veg på eigedommen din. Tiltakshavaren klaga på vedtaket 12.11.2018. Kommunen kom den 19.12.2018 til at denne klaga skulle tas til følge og oppheva stoppordren.

Du klaga på vedtaket i brev av 09.01.2019. Du meiner kommunen har rett og plikt til å stoppe arbeidet, som du meiner går utover reint vedlikehald. Du krev difor at stoppordren må stå ved lag.

Kommunen tok ikkje klaga di til følgje og saka vart sendt til Fylkesmannen for endeleg handsaming, sjå oversendingsbrevet av 06.03.2019.

### Reglar

Ved vurdering av klagesaker etter plan- og bygningslova (pbl) gjeld forvaltningslova (fvl), sjå pbl § 1-9. Mynda til klageorganet går fram av (fvl.) § 34. Fylkesmannen kan vurdere heile saka.

Partar og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på enkeltvedtak, sjå fvl § 28. Kva som er enkeltvedtak går fram av fvl § 2.

Om vilkåra for å klage ikkje er til stades, skal klaga avvisast. Dette skal både kommunen og Fylkesmannen vurdere, sjå fvl § 33 og 34. Fylkemannen er ikkje bunden av synet til kommunen.

### Fylkesmannen ser saka slik

Det følgjer av plan- og bygningslova (pbl) at kommunen skal følgje opp ulovlege forhold, sjå § 32-1 første ledd. Om kommunen vel å følgje opp eit lovbro og ein difor får eit vedtak mot seg, kan klage. Dette fordi vedtaket pålegg ein part ein plikt til å måtte gjere eller unnlate å gjere noko, og det er



difor eit enkeltvedtak etter fvl § 2. Men dette gjeld ikkje når kommunen vel å *ikkje følge opp moglege lovbro*t. Me syner til Sivilombodsmannen uttale av 28.2.2019 i saka SOM-2018-4398.<sup>1</sup>

«Det første spørsmålet i saken er om det er klagerett på beslutningene kommunene fatter etter pbl. § 32-1.

Klagemulighetene etter plan- og bygningsloven er ikke regulert i loven selv. Plan- og bygningsloven § 1-9 viser til at bestemmelsene i forvaltningsloven gjelder.

Etter forvaltningsloven § 28 kan enkeltvedtak påklages til overordnet forvaltningsorgan. Spørsmålet om borgerne kan påklage kommunenes manglende ulovligetsoppfølging, avhenger etter ombudsmannens syn av om kommunenes beslutninger om dette er enkeltvedtak i forvaltningslovens forstand.

Et «enkeltvedtak» er en avgjørelse som er truffet under utøving av offentlig myndighet, og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til en eller flere bestemte personer, jf. forvaltningsloven § 2 bokstav b, jf. bokstav a.

Bestemmelsen i pbl. § 32-1 lyder:

«*32-1.Plikt til å forfölge ulovligheter*

*Kommunen skal forfölge overtredelser av bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven.*

*Er overtredelsen av mindre betydning, kan kommunen avstå fra å forfölge ulovligheten. Beslutning om dette er ikke enkeltvedtak.»*

Forpliktelsen i § 32-1 første ledd retter seg mot kommunene.

I forarbeidene fremgår det at bestemmelsen ikke er ment å gi enkelpersoner noen rettigheter, og at en beslutning om ikke å forfölge en ulovlighet ikke er et enkeltvedtak. I Ot.prp. nr. 45 (2007-2008) s. 172 skriver departementet blant annet følgende om bestemmelsen:

«*Regelen skal synliggjøre et særskilt ansvar for å forfölge ulovligheter og bidra til at plan- og bygningsmyndighetene prioriterer ulovligetsoppfølging. Regelen skaper imidlertid ikke rettigheter for andre, og private rettssubjekter får således ikke rettskrav på at kommunen skal forfölge ulovligheter. En beslutning om ikke å forfölge en ulovlighet er ikke et enkeltvedtak.»*

Dette er gjentatt under merknadene til § 32-1 første ledd på s. 352 i proposisjonen, der det heter:

«*Selv om uttrykket 'skal' er benyttet, er det ikke ment å skape rettigheter for andre. Ingen private rettssubjekter har rettskrav på at kommunen forfölger ulovligheter.»*

Av ovennevnte mener ombudsmannen det følger at kommunenes beslutninger knyttet til ulovligetsoppfølging etter § 32-1 første ledd ikke kan sies å være «bestemmende for rettigheter eller plikter til en eller flere personer».

---

<sup>1</sup> <https://www.sivilombudsmannen.no/uttalelser/manglende-ulovligetsoppfolging-etter-plan-og-bygningsloven-%C2%A7-32-1-klagerett-og-fylkesmennenes-proving/>



Mot dette kan det innvendes at presiseringen i § 32-1 annet ledd annet punktum, om at beslutninger om å avstå fra å forfölge overtredelser av mindre betydning ikke er et enkeltvedtak, da synes overflødig. Ombudsmannen mener imidlertid at bestemmelsens annet ledd må ses i sammenheng med første ledd og øvrige kilder, herunder lovens forarbeider. I lys av forarbeidene kan ikke bestemmelsens annet ledd tolkes antitetisk slik at formuleringen i annet ledd medfører at beslutninger etter første ledd er enkeltvedtak.

Departementet synes i svarbrevet hit også å ha konkludert med at beslutningene kommunene fatter etter § 32-1 første og annet ledd, ikke er enkeltvedtak.

Etter dette er ombudsmannen kommet til at kommunenes beslutninger om å forfölge ulovligheter eller la det være etter § 32-1 første og annet ledd, ikke er enkeltvedtak etter forvaltningsloven § 2. Ombudsmannen mener dette medfører at borgerne da heller ikke har klagerett på slike beslutninger etter forvaltningsloven § 28.»

Ein kan altså ikkje klage når kommunen vel å ikkje følgje opp med pålegg etter pbl.

Når ein ikkje har klagerett, skal saka avvisast, sjå fvl § 34: «*Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal klageinstansen avvise saken*». Regelen er her klår og må etter forarbeida tas på ordet. Når kommunen ikkje har avvist klaga, må dermed Fylkesmannen gjere det.

Klaga di vert difor avvist. Det tyder at me ikkje tek stilling til saka eller klagegrunnane dine. Me har såleis heller ikkje tatt stilling til om det ligg føre lovbro i saka her.

Vedtak om å avvise ei klage er eit enkeltvedtak, og kan difor klagast på. Klagefrist er tre veker. Klagen rettast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, men skal sendast Fylkesmannen.

Me gjer deg merksam på at dette vedtaket ikkje avgjer dei privatrettslege tvistane du kan ha med andre, sjå pbl § 21-6. Dette må du og motparten løyse sjølve, om naudsynt via domstolane.

Med helsing

Anne Kjersti Sande  
fagdirektør

Sigurd Kolbjørn Berg  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

|                        |                         |               |
|------------------------|-------------------------|---------------|
| HARRIS ADVOKATFIRMA AS | Postboks 4115 Sandviken | 5835 BERGEN   |
| Lindås kommune         | Kvernhusmyrane 20       | 5914 ISDALSTØ |
| Alf Eikevik            | Kollåsen 54             | 5116 Ulset    |